

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 22.03.2004 **Tid:** 15.00 – 18.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte alle.

Jon Magne Bogevik fekk permisjon kl 17.45 for å delta på årsmøte i Bergen og Omland Friluftsråd. Det inneber at han ikkje var til stades ved handsaming av sakene 4 og 5/04.

**Andre som var tilstades på møtet:**

Kommunekasserar og ass. Adm.sjef var til stades ved orientering om økonomi.

Leiar av teknisk eining orienterte om Lønnebakken og var til stades ved handsaming av sak 5/04

Adm.sjef

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25.03.2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Det vart bestemt at sak om erstatning skulle takast opp som ekstra sak. Den fekk sak nr. 5 Med denne merknaden vart innkalling og saklista godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Kommunekasserar orienterte om budsjettkontroll pr. mars. 04. Oppsummert finn me at

- |  |            |
|--|------------|
| ✓ Pensjonsutgiftene er underbudsjettert med ca           | kr 500.000 |
| ✓ Feilbudsjettering på sosialutgifter Gjerde skule på ca | kr 220.000 |
| ✓ Svikt i eigedomsskatt på                               | kr 430.000 |
| ✓ Rekneskapoverskot frå 2003 kan nyttast til inndecking  | kr 310.000 |

Det inneber at ut frå det me veit i dag har me ein ubalanse i budsjettet for 2004 på rundt 840.000 kroner. Administrasjonen fylgjer situasjonen tett, og arbeider med å finna inndecking. Sak vert fremja for kommunestyret i juni.

Som fylgje av at fleire elevar ved Gjerde skule har trong for eineundervisning, er det trong for fleire rom ved skulen. Dette er ikkje ein forbigåande situasjon, slik at me no vurderer at det bør etablerast noko permanent. Det vart orientert om kva alternativ det vert arbeidd med. Eitt alternativ har sannsynlegvis ein kostnad på rundt ein halv million. Saka er pr. d.d. for lite utgreidd til at ho kan fremjast til handaming, noko som er planlagt gjort i løpet av våren.

Leiar av teknisk eining, Øyvind Haga orienterte om utbygginga på Lønnebakken. Det vart vist bakgrunnen for vedtaket om å gå i samarbeid med ein privat utbygger, og kva ansvar som kviler på kommunen. Det vart vidare vist kva framdrift som er forventa, kva kostnader som no ligg inne og korleis dei kan finansierast. Det vil verta lagt fram sak for kommunestyret 01.04 med framlegg til totalfinansiering av utbygginga.

Utsendt notat frå adm.sjef om arbeidet med kommuneplan, langsiktig del og den pågåande prosessen om evt. endringar i kommunestruktur vart kommentert. Det var uvisse blant medlemmane om korleis ein skulle handtera denne saka. Det vil vera tema på neste møte i politisk leiargruppe.

Ordførar orienterte om skriv frå K.I. Svendal a.s. om bruk av rett til å få tomt i bustadfeltet på Rolvsvågen. Adm.sjef handterer saka vidare.

Ordførar ba om tilbakemelding på handtering av stadige søknader om økonomisk støtte frå kommunen til mange ulike gode føremål. Me har ikkje sett av midlar, og dermed vert svaret til dei fleste som ringer negativt. Utvalet hadde ikkje noko å merkja til denne praksisen.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0004/04	01/00597 <b>BIR - VEDTEKTSENDRINGAR</b>
0005/04	02/00531 <b>KRAV OM ERSTATNING - NY HANDSAMING</b>

0004/04

## **BIR - VEDTEKTSENDRINGAR**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune sluttar seg til vedtaket på generalforsamlinga i BIR av 29.01.04 vedkomande endringar av vedtektene.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune sluttar seg til vedtaket på generalforsamlinga i BIR av 29.01.04 vedkomande endringar av vedtektene.

0005/04

## **KRAV OM ERSTATNING - NY HANDSAMING**

### **Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta ulike sider med saka med særskild vekt på kva sjølvstendig ansvar utbygger har for å skaffa seg informasjon og for å ta kontakt med grunneigar. Personal- og økonomiutvalet vil opna opp for ein viss erstatning då det kunne reisast tvil med om kommunen med sine utsegn kunne ha skapt inntrykk av at grunneigar ikkje kunne nekte framføring over sin eigedom sidan det var tilknyting til eit off. anlegg.

Tingingsutvalet som er ordførar, varaordførar og adm.sjefen representert ved leiar av teknisk utval får i oppgåve å gå i tingingar med Ingvarsen med sikte på å koma fram til semje om ein kompensasjon.

### **Vedtak:**

Tingingsutvalet, ordførar, varaordførar og adm.sjefen representert ved leiar av teknisk utval får i oppgåve å gå i tingingar med Ingvarsen med sikte på å koma fram til semje om ein kompensasjon.